



# BUSTADPOLITISK PLAN

2019-2028



*Vang kommune*  
*- vilt og vakkert*

## Innhald

.....	2
1 Innleiing .....	5
1.1 Bakgrunn for planarbeidet .....	5
1.2 Organisering av arbeidet med bustadpolitisk plan .....	6
2 Dagens situasjon og framtidig bustadbehov i Vang kommune .....	8
Universell utforming og tilgjenge for alle .....	8
2.1 Folketal i Vang i dag og folketalsframskriving i løpet av planperioden, fordeling på alder ....	9
2.2 Kartlegging og prognosar for behov for bustader i Vang kommune.....	9
Leigemarknaden i kommunen .....	10
2.2.1 Bustader til kommunalt tilsette.....	10
2.2.2 Bustader til andre som flytter til kommunen for å jobbe og bu .....	11
2.2.3 Bustader til «yngre eldre» .....	12
2.2.4 Bustader til vanskeligstilte og andre med særskilde behov .....	12
2.3 Kommunale bustader .....	12
2.3.1 Husleige .....	13
2.3.2 Organisering og tildeling .....	13
2.3.3 Vedlikehald og renovering.....	13
2.3.4 Økonomi kommunale bustader.....	14
2.4 Reguleringsplanar og arealdelen i kommuneplanen.....	14
2.5 Finansiering og låneordningar for både private og kommunale .....	15
byggerrar .....	15
Vang kommune .....	15
3 Bustadsosialt arbeid .....	16
Bustadsosiale verkemiddel frå Husbanken .....	16
Bustadsosiale verkemiddel frå kommunen .....	17
3.1 Målgrupper og utfordringar .....	18
3.1.1 Vanskeligstilte.....	18
3.1.2 Flyktningar .....	18
3.1.3 Personar i låginntektshushald .....	18
Åleinebuande / ein-personhushald .....	19
3.1.5 Eldre.....	19
3.1.6 Personar med nedsett funksjonsevne.....	19
3.1.7 Personar med psykiske lidningar og/eller rusproblematikk.....	20
3.1.8 Personar i etableringsfase .....	20
4 Bustadpolitiske målsetjingar .....	21

Kommunen sitt bustadsosiale arbeid .....	22
5 Tiltak og oppgaver til oppfølging .....	23
Vedlegg og kjelder .....	24

# 1 Innleiing

## Visjon

Vang kommune skal vera ein god kommune å bu og vekse opp i, med gode tenestetilbod og aktive lokalsamfunn der kultur, nærleik, tradisjonar, mangfald og samarbeid står i fokus. Innbyggjarar og tilreisande skal oppleve trivsel og ei kjensle av å høyre til. Vi skal vera aktive i høve til endringar i samfunnet, ta grep om eiga utvikling og ha tru på framtida.

Vang kommune, Kommuneplanens samfunnsdel 2015-2027

## 1.1 Bakgrunn for planarbeidet

Bustadpolitisk plan for Vang kommune 2009-2019 vart vedteken i 2009.

Planen byggjer på St.mld nr 23, 2003 - 2004 (Om Boligpolitikken) der Kommunal- og Regionaldepartementet gjorde greie for Regjeringa sine mål og visjonar for bustadpolitikken i Noreg. Regjeringa sin overordna visjon er *"Alle skal kunne bu godt og trygt"*.

Denne visjonen skal ein nå gjennom følgjande hovudmål og strategiar:

- Leggje til rette for ein velfungerande bustadmarknad
- Skaffe bustader til vanskelegstilte på bustadmarknaden
- Auke talet på miljøvennlege og universelt utforma bustader og bustadområder

Meld. St. 17 (2012-2013) Byggje-bu-leve, og tilhøyrande Nasjonal strategi for bustadsosialt arbeid Bolig for velferd (2014-2020).

I Meld.St. 17 set Regjeringa opp følgjande mål for bustad- og bygningspolitikken:

- Mål for bustadpolitikken
  - Bustader for alle i gode bumiljø
  - Trygg etablering i eigd eller leigd bustad
  - Buforhold som fremjar velferd og deltaking
- Mål for bygningspolitikken
  - Godt utforma, sikre, energieffektive og sunne bygg
  - Betre og meir effektive byggjeprosessar
  -

Meld.St 15 (2017-2018) Leve hele livet er Regjeringa si kvalitetsreform for eldre. Denne tek m.a opp etablering av eit nasjonalt program for eit aldersvenleg Noreg. Eldre skal mellom anna planlegge for eigen alderdom og eldre skal involverast meir i arbeidet med samfunnsplanlegging.

Kommuneplan for Vang kommune, Samfunnsdel 2015-2027 seier at kommunen sitt overordna mål er:

«... (å) leggje til rette for god tenesteyting, service og informasjon, med fokus på nærleik til brukarane og forvaltning av felles ressursar.

Kommunen skal arbeide aktivt for gode og varierte butilbod tilpassa vekslende behov, herunder

byggjeklare bustadtomter i ulike delar av kommunen.  
Kommunen skal ha eit aktivt folkehelsearbeid med fokus på aktuelle utfordringar.  
Vang ynskjer å vera eit inkluderande lokalsamfunn der skilnader i høve til kjønn, etnisk tilhøyrse, funksjonsnivå, utdanning og økonomi blir motverka.  
Vang har som mål å halde fram som eigen kommune.»

Samfunnsdelen seier vidare: Vang kommune skal ta omsyn til folkehelseperspektivet i planlegging, utbygging og drift. Kommunen skal legge til rette for universell utforming, slik at kommunen er tilgjengeleg for alle.

Det er ein raud tråd i føringane frå 2003 og fram til i dag. Det nye er at det også blir lagt vekt på bygningspolitikk, og kunnskapen om at gode bygg også er god bustad- og helsepolitikk. God bustadplanlegging tek også omsyn til nærmiljø.  
Vang kommune tek utgangspunkt i dette i denne rulleringa, og vil jobbe for å nå desse måla gjennom vår bustadpolitikk.

Bustadpolitisk plan for Vang kommune skal sikre gode og attraktive bumiljø for alle innbygarane i kommunen.

Planen må sjåast i samanheng med lovverk og andre planer. Dei lovpålagte pliktene kommunen har for bustadsektoren er samla i folkehelselova, plan- og bygningslova og sosialtenestelova.

## 1.2 Organisering av arbeidet med bustadpolitisk plan

Mandat for rulleringa av bustadpolitisk plan og arbeidet med bustadpolitikk.

---

**Kommunestyret vedtok følgjande i samband med økonomiplanen 15.12.2017:**  
Funksjon 265 bustader: Bruken av avsette midlar på funksjonen blir utsett i påvente av ei nærare drøfting og sak til kommunestyret av bustadstrategi/ bustadpolitisk handlingsprogram. Det undersøkast på nytt om private kan bygge utleigebustader/ leilegheiter. Vidare skal ein sjå på det økonomiske aspektet ved drift av kommunale bustader. Det settast ned ei ressursgruppe bestående av Innovangsjon, politikere (ordførar og gruppeleiarar peikar ut representant) og representant frå planavdeling for å sørge for framdrift i boligstrategien. Det er ei målsetting at dette kjem fram for kommunestyret 22.mars. Vedteke, samrøystes  
I tillegg skal «Bustadpolitisk plan for Vang kommune 2009 -2019» rullerast. Ein ser det som tenleg at dette arbeidet vert samordna.

---

**Medlemmer i ressursgruppa er:**

*Ordførar Vidar Eltun, Geir Kongslien (SP), Ove Martin Stende (AP), Erlend Eggen (MDG), Elisabeth Hålien (Bygdelista), Hallgrim Rogn Børhus (Innovangsjon), Håkon Berg Sundet (arealplanleggjar), Hanne-Kjersti Berge (ergoterapeut), Guro R. Kvam (HO-sjef)*

Ein god bustadpolitikk og eit godt bustadtilbod er eit av hovudfundamenta for å lykkast med god næringsutvikling i ein kommune. For å nå det overordna målet om auke i innbyggjartalet i kommunen er det ei kjennsgjerning at ein må sjå bustadpolitikk og næringspolitikk i nær samanheng.

Arbeidsgruppa har hatt fleire møte, i tillegg til møter med næringsdrivande, Husbanken, Eldrerådet og Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne. Arbeidsgruppa har innhenta informasjon frå NAV sosial og Ungdomsteamet, psykisk helseteneste og miljøtenesta.

## 2 Dagens situasjon og framtidig bustadbehov i Vang kommune

For å gjennomføre ein bustadpolitikk som er i tråd med Regjeringa sine visjonar og samstundes tilpassa lokale tilhøve, er det viktig å sjå på løysingar som er fleksible. Ein liten kommune som Vang kan ikkje sitje med ei rekkje ulike bustader øyremerkte spesielle grupper.

Det å skaffe seg og halde på ein bustad, er fyrst og fremst eit personleg ansvar. I bustadpolitikken har både stat og kommune eit klart ansvar. Ansvaret for ein godt fungerande bustadpolitikk kviler på alle partane. Kommunen står for den praktiske gjennomføringa av bustadpolitikken. Det gjer kommunen som reguleringsstyresmakt, og gjennom å skaffe bustader til vanskelegstilte på bustadmarknaden. Kommunen har ulike roller; samfunnsutviklar, tenesteytar, tomteeigar, byggherre, kredittgjevar m.v

Menneske som har behov for tett oppfølging frå hjelpeapparatet til å mestre kvardagen og det å bu sjølvstendig i ordinære bustader må få naudsynt hjelp. Det vil difor ikkje vere mogleg å hjelpe alle i den ordinære bustadmarknaden, og ulike buformer som omsorgsbustader eller bukollektiv med bemanning vil vere ein viktig del av tenestetilbodet.

### Universell utforming og tilgjenge for alle

Tilgjenge for alle befolkningsgrupper, blir ofte beskrive med omgrepet «universell utforming»:

Med universell utforming menes utforming eller tilrettelegging av hovedløsningen i de fysiske forholdene slik at virksomhetens alminnelige funksjon kan benyttes av flest mulig”. Begrepet ”universell” innebærer inkluderende og likeverdig. Universell utforming av byggverk tilsier at hoved løsningene skal være utformet slik at de kan brukes av flest mulig på en likestilt måte.

I praksis inneber universell utforming at det ikkje lenger er tilstrekkeleg med tilrettelagte løysingar for enkelte grupper. Det skal vera *ei løysing* – hovudløysninga – og den skal vera brukbar for flest mogleg. Det skal til dømes ikkje vera naudsynt å etablere egne inngangar for rullestolbrukarar. Alle som nyttar bygget skal kunne nytte same inngang, same heis/løfteinnretning (Handlingsplan for økt tilgjengelighet, 2004-2009). Ein må og ta omsyn til plassering av lysbrytarar, stikkontakter, benkehøgde, plass under benk, plassering av skåp over benk og på bad m.m slik at det er mogleg for alle å leva mest mogleg sjølvstendig i bustaden, ikkje berre kome inn i den.

## 2.1 Folketal i Vang i dag og folketalsframskriving i løpet av planperioden, fordeling på alder

Framskrive folkemengde 1. januar, etter region, alder, statistikkvariabel og år		Hovudalternativet (MMMM)		
		2019	2025	2030
0545 Vang	0-17 år	309	309	298
	18-49 år	615	621	649
	50-66 år	354	364	379
	67-79 år	242	268	249
	80-89 år	64	79	124
	90 år og eldre	20	16	15
		1604	1657	1714

I folketalsframskrivingane for dei neste 10 åra ser det ut til at folketalet i Vang vil auke. Auka ser ut til å vere størst i aldersgruppa 80-89 år. Aldersgruppene 18-49 år og 50-66 år har ein jamn vekst i perioden, medan aldersgruppa 67-79 år veks litt fram til 2025, for deretter å gå attende. Det blir og færre av dei aller eldste.

Det blir difor viktig å ha bustader som er tilgjengelege for dei som ynskjer å etablera seg i Vang. Det blir og viktig å oppmode innbyggjarane til å tenkje på tilpassing av eigen bustad slik at noverande bustad og vil fungere i alderdommen og ved ei eventuell endring i funksjonsnivå. Planlegging for eigen alderdom blir halde fram som eit verkemiddel i kvalitetsreforma «Leve hele livet» (Meld.St. 15 (2017-2018)).

## 2.2 Kartlegging og prognosar for behov for bustader i Vang kommune

Oppland fylkeskommune «Boligutredning» frå mars 2015 peikar på at det er prosentvis eit tilstrekkeleg tal på einebustader i fylket, og det er ei underdekking av småhus og leilegheiter.

---

### Vang (2018)

*728 einebustader*

*75,1% eig sin eigen bustad*

*24,9 % leiger bustad*

*47,8 % bur på landbrukseigendom (2017)*

*5,9 % bur trongt (2017)*

*2,2 personar i kvart hushald.*

*SSB, Kommunefakta*

---

Dette er og tilfellet i Vang kommune. Berekinga av bustadbehovet er basert på SSB sine folketalsprognoser.


Innovangsjon har gjort fleire små og store kartleggingar av ynskje og behov knytt til ulike typer bustader i kommunen. Tendensane her er at mange er opne for å flytte innad i kommunen, frå større einbustader til mindre og meir lettstelte husvære. Det er ikkje eintydig om dei då ynskjer kjøp eller leige av ny bustad.

### Leigemarknaden i kommunen


Vang kommune har om lag 10% av utleigemarknaden i kommunen. Dei leiger i hovudsak ut til tilsette i kommunen (maks leigetid 5 år) og via NAV. Det blir anslått at snautt 400 personar leiger bustad i Vang pr i dag, og det ser ut til at Vang har den største leigemarknaden i Valdres. Stor pågang på leige av kommunale bustader blir nemnt som ein faktor som hemmar moglegheit til oppussing / oppgradering av bustadane.

## 2.2.1 Bustader til kommunalt tilsette

### *Utsifting av kommunal arbeidsstokk neste 10 år*



I 2019 er 28% av dei fast tilsette i kommunen 50 – 59 år, 21% er 60 - 69 år og 1% er 70 år.



Om ein ser for seg at gjennomsnittleg pensjonsalder er 65 år, vil 79 tilsette slutte pga alder innan 2030.

Dei fleste av våre tilsette bur i Vang kommune, og ein må difor gå ut frå at kommunen vil ha eit stort behov for bustader til nyttilsette.

Kommunen bør ha bustader med god standard og av ulik storleik til bruk for nyttilsette. Nokre av desse bør vere delvis møblerte, til bruk for tilsette i kortare vikariat, engasjement m.v.

#### 2.2.2 Bustader til andre som flytter til kommunen for å jobbe og bu

Det er i utgangspunktet eit privat ansvar for å skaffe seg bustad. Innovangsjon har gjennomført bustadundersøking i 2017 for å kartlegge kva type bustader potensielle tilflyttarar ynskjer.

Oppsummert er funna slik:

Som tilflyttar er nybygging av bustad eit stort steg, så for Vang sin attraktivitet som tilflyttingskommune lyt det vera tilgjengelege einingar på leigemarknaden.

Bustadundersøkinga gjennomført i november 2017 synte at leilegheit som del av einebustad var det aller minst attraktive for dei som ynskjer å leige. Samstundes er det her tilbodet er størst i Vang. Same undersøking syner at nærleik til barnehagetilbod og fiberinternett er dei to viktigaste kringliggjande faktorane for om ein bustad er attraktiv. I sum betyr dette at det bør vera rom for moderne utleigeeiningar i Ryfoss og Vang sentrum.

Når det kjem til sal er breidde i tilbodet nøkkelen. Kommunale- og private tomter i alle delar av kommunen gjer vegen kort frå ide til ferdig bustad. Det ser ut til å vera god økonomi i å leggje tomteutvikling over på private der det er initiativ til dette, samstundes som kommunen held fram med tomteutvikling der ein ser det er naudsynt. Den nemnte bustadundersøkinga synte også eit stort ynskje om gard eller småbruk, noko som betyr at ein bør jobbe for framhald i «Huga på gard»-prosjektet og leggje til rette for å få tomme bruk ut på marknaden.

Innovangsjon marknadsfører private bustader som er tilgjengelege for sal og utleige. Ein kan vurdere å leggje meir musklar bak å fortelje verda om butilbodet i Vang.

<https://www.vangivaldres.no/media/5370/rapport-bustadundersoeking-nov-2017.pdf>

<https://www.vangivaldres.no/media/5373/ra-data-bustadundersoeking-vang-i-valdres-november-2017-1.pdf>

### 2.2.3 Bustader til «yngre eldre»

Nokre yngre eldre vender seg til kommunen med ynskje om mindre / meir lettstelte husvære enn dei har i dag, m.a fordi dei vil redusere vedlikehaldsbyrden, overdra hus / gard til neste generasjon eller ynskjer å flytte til kommunen. Dei er ikkje i målgruppa for omsorgsbustader, men kan ha vanskar med å finne tilfredsstillande bustad på den private marknaden.

### 2.2.4 Bustader til vanskeligstilte og andre med særskilde behov

Desse blir nærare omtala i kapittel 4. Kommunen har eit ansvar for å bistå denne gruppa med bustader. Desse bustadene kan vere både private og kommunale.

## 2.3 Kommunale bustader

---

### *Omsorgsbustader / bufellesskap*

<i>Trygdebustader i Ryfoss</i>	<i>2 bueiningar</i>
<i>Bakkehaugen</i>	<i>3 bueiningar</i>
<i>Grindatun</i>	<i>4 bueiningar</i>
<i>Omsorgsbustad Prestegardsstigen</i>	<i>1 bueining</i>
<i>Omsorgsbustader Prestgarden (1995)</i>	<i>6 bueinigar</i>
<i><u>Omsorgsbustader Storplogen (2005)</u></i>	<i><u>7 bueiningar</u></i>
<i>Sum</i>	<i>23 bueiningar</i>

### *Bustader til tilsette og bustadsosiale føremål*

<i>Einebustader</i>	<i>7 bueiningar</i>
<i>To-mannsbustader</i>	<i>3 (6 bueiningar)</i>
<i>Mindre husvære (1 soverom)</i>	<i>2 bueiningar</i>
<i><u>Hyblar</u></i>	<i><u>5 bueiningar</u></i>
<i>Sum</i>	<i>20 bueiningar</i>

Trygdebustadane i Ryfoss har ikkje universell utforming etter dagens standard.

Inngangspartiet, dørbreidde og dørstokkar hemmar tilgjenge for alle. Standarden er frå byggjeåret.

Omsorgsbustader Prestgarden er delvis tilrettelagt for alle. Det er utfordringar med dørstokkar og plass til større hjelpemiddel. Nokre av bustadane er pussa opp dei siste åra, men det er ikkje gjort renovering eller standardheving. Standard er frå byggjeår.

Omsorgsbustader Storplogen er best tilrettelagt av omsorgsbustadane. Her er det få dørstokkar og betre plass til større hjelpemiddel.

Bakkehaugen er delvis tilrettelagt for alle. Det er nokre dørstokkar, og plassutfordringar på bad, samt plass til større hjelpemidlar.

Grindatun er ikkje tilrettelagt for alle. Det er ikkje heis til bueiningar i 2. etasje, dørstokkar, smale dører og plassutfordringar på bad.

Dei andre kommunale bustadane er ikkje universelt utforma eller tilgjengelege for alle. Det har vore lite renovering, standard er i hovudsak frå byggjeår. Dei fleste bustadane har vore pussa opp ei eller fleire gonger.

### 2.3.1 Husleige

- Prinsippet for utrekning av husleige tek utgangspunkt i gjengs leige i området og standarden på husværet
- Vurdering og justering av husleige på kommunale bustader skjer årleg i samband med rullering av økonomiplanen.

På den opne leigemarknaden i Vang ser husleiga ut til å ligge mellom kr 4 000,- og kr 7 500,- /mnd. Vang kommune sine husleigeprisar ligg mellom kr 5 800,-/mnd for familiehusvære og kr 2 900,- /mnd. for hybel i 2019.

### 2.3.2 Organisering og tildeling

**Kommunale bustader** blir administrert og tildelt av personalkonsulenten. Desse bustadane er i hovudsak tiltenkt kommunalt tilsette, frå tilsetjing og til dei sjølv skaffar seg eige husvære. Dei blir og nytta til vanskelegstilte på bustadmarknaden, etter særskild vurdering og avtale. Leigetid for gjennomgangsbustader er i hovudsak 3 år. Sjå rutine for tildeling av kommunal utleigebustad.

**Omsorgsbustader** administrerast og tildelast av Institusjons- og heimebaserte tenester (IHT) ved tildelingsteamet. Målgruppa for omsorgsbustader er i hovudsak eldre med nedsett fysisk eller psykisk funksjonsevne. Dei har ofte behov for bustader i nærleik til tenestene, tryggleik, og bustader som er lettare å stelle og fungere i. Omsorgsbustadane ligg i nærleiken av viktige samfunnsfunksjonar som butikk, offentleg kommunikasjon, helsetenester, bank m.v. Yngre personar ynskjer som oftast ikkje å leige omsorgsbustad, sjølv om dei har behov for bustad og nærleik til viktige samfunnsfunksjonar.

### 2.3.3 Vedlikehald og reovering

---

*Vedlikehold er arbeid som er nødvendig for å opprettholde kvaliteten på en bygning og de tekniske installasjoner på et fastsatt nivå, og sikre at bygningen som helhet fungerer etter hensikten innenfor en gitt brukstid. Utskifting av bygningsdeler med kortere levetid enn resten av bygningen, og med tilsvarende standard, defineres som vedlikehold.*

*For verneverdige bygg er det et mål at vedlikeholdet i størst mulig grad utføres med bruk av opprinnelige materialer og håndverksteknikker.*

*Definisjon*

*INS-EN 13306:2010 Vedlikehold - Vedlikeholdsterminologi er vedlikehold definert som «kombinasjon av alle tekniske, administrative og styringsrelaterte tiltak gjennom livssyklusen til en enhet, som har til hensikt å bevare den i eller tilbakeføre den til en tilstand der den kan oppfylle nødvendige funksjonskrav.»*

*Denne definisjonen er også brukt i NS 3424:2012 for tilstandsanalyser og NS 3454:2013 for årskostnader.*

<https://www.byggordboka.no/artikkel/les/vedlikehold>

---

Løpande vurdering av behov for tiltak i kommunale bustader blir gjort av teknisk etat. Bustadane har vore jamt vedlikehalde, men dei har i liten grad vorte bygd om eller renovert. No er det naudsynt med renovering av fleire kommunale bustader, for å heve standarden og reparere strukturelle skader. Etaten har i 2019 teke i bruk eit nytt fagsystem Forvaltning drift og vedlikehald (FDV- program) som vil gje ei meir systematisk oversyn over status på kommunale bygg og vedlikehaldsplanar. I økonomiplanperioden er det sett av 1,6 mill. kr til årleg vedlikehald.

---

*Renovering er definert på flere måter i gjeldende standarder:*

- *endring og forbedringer av en eksisterende bygning for å heve tilstanden til et akseptabelt nivå*

*(NS-EN 15643-1:2010 Bærekraftige byggverk)*

*Bygningsrenovering kan omfatte både rehabilitering og reparasjon.*

<https://www.byggordboka.no/artikkel/les/renovering>

---

Ansvar for kommunale bustader har vore fragmentert. I 2019 er ansvaret for kommunale bustader og bygg samla hjå driftsleiar i teknisk etat. Det er laga nye retningslinjer for tildeling av kommunale bustader. Både tiltaka er gjort for å sikre god forvaltning og drift.

#### 2.3.4 Økonomi kommunale bustader

Vang kommune hadde ca. 2,6 millionar kroner i leigeinntekter på sine utleigeiningar i 2018. Av dette var 1 261 000 kroner knytt til omsorgsbustader og 1 339 000 kroner er knytt til utleige til tilsette.

Totalt har omsorgsbustadene gått med ca. 700 000 kroner i overskot kvart år.

På utleige til tilsette har overskotet i snitt vore 62 000 kroner i året (hovudsaklig grunna eit større vedlikehaldsprosjekt i 2018 som drog ned snittet med 76 000 kroner i året). Det er noko usikkert korleis den reelle kostnadsfordelinga faktisk er, og vi vil endre dette for å sikre betre oversikt. Vi må nok anta at omsorgsbustadene er noko dyrare å drifte enn det som kjem fram her og at det er knytt for høge kostnader til dei ordinære utleigeiningane. Totalt har Vang kommune tent omlag 762 000 kroner årleg (netto) på bustader.

## 2.4 Reguleringsplanar og arealdelen i kommuneplanen

For informasjon om vedtekne reguleringsplanar og andre omsyn syner ein til Kommuneplan 2015-2027 – Føresegner og retningslinjer.

Ein ynskjer å ha ein dynamisk bustadmarknad i kommunen, slik at flest mogleg får dekkja sitt bustadbehov i den ordinære marknaden. Tilflytting av nye innbyggjarar, mobilitet i bustadmarknaden for både eldre og yngre innbyggjarar og moglegheit til å bu i eigen bustad sjølv om helsa blir dårlegare er viktige moment som ein bør planleggje for.

Utforming og tilgjenge i omgjevnaden er viktig for å behalde sjølvstende gjennom ulike livsfasar og –situasjonar. Nærbutikk, kollektivtransport og andre viktige samfunnsstrukturar innan rimeleg gangavstand legg til rette for aktivitet, deltaking og sjølvstende også for dei som t.d ikkje køyrer bil. Slik kan ein redusere behovet for ekstra helse,-omsorg,- og sosialtenester dersom det blir endring i livssituasjon. Dette vil igjen vere ressursparande for kommunen som tenesteytar.

## 2.5 Finansiering og låneordningar for både private og kommunale byggherrar

### Vang kommune

I tillegg til ordningane gjennom Husbanken har kommunen følgjande tilskot:

- Kommunalt tilskott til bustadbygging på pt. kr 35 000,- Dette er vedteke i kommunestyret og blir administrert av teknisk etat.
- Kommunalt tilskott til privat vassforsyning kr 10 000,- Dette blir administrert av teknisk etat
- Kommunalt tilskott til livsløpstandard kr 10 000,- Dette blir administrert av teknisk etat.

Kommunen budsjetterer med tilskott til om lag 4 nybygg i året.

Hus med fleire leilegheiter kan få fullt tilskott for hovudleilegheit og halvt tilskott for leilegheit nummer to. Det blir ikkje gjeve tilskott til fleire enn to leilegheiter pr. hus.

Frå 1997 til 2018 er det gjeve 64 tilskot for livsløpstandard.

### 3 Bustadsosialt arbeid

Bustadsosialt arbeid handlar både om å skaffe bustader til vanskelegstilte på bustadmarknaden og å styrke den einskilde i å meistre det å bu.

Kommunen sitt ansvar for bustadsosialt arbeid er regulert i Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester (HOTL) og i Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen (STL).

Det er to paragrafar som spesielt regulerar ansvaret:

Bustader til vanskeligstilte:

---

*HOTL:§ 3-4, og STL §15*

*”Kommunen skal medvirke til å skaffe boliger til personer som ikke selv kan ivareta sine interesser på boligmarkedet, herunder boliger med særlig tilpasning, og med hjelpe- og vernetiltak for den som trenger det på grunn av alder, funksjonshemming eller av andre årsaker”.*

---

---

*STL:*

*§ 4-5: Midlertidig botilbud*

*”Kommunen er forpliktet til å finne midlertidig husvære for dem som ikke klarer det selv”.*

---

Kommunen (NAV) si plikt til å bistå med bustad handlar i hovudsak om midlertidige bustader og akutt hjelp dersom nokon ikkje har tak over hovudet det neste døgeret. I Vang vil dette for ein stor del bety midlertidig tilhøve i campinghytte, evt hotell / andre overnattingsstader. NAV har ikkje egne bustader til disposisjon.

Bustadsosialt arbeid omfattar ei rekkje tiltak, frå kommunen sin innsats for å skaffe og tildele bustader, til tenester og enkelttiltak som kan betre den einskilde sine føresetnader for å meistre eigen bu- og livssituasjon. Det å skaffe bustad kan vera alt frå å bygge nytt og / eller utbetre kommunal bustadmasse til bistand til å skaffe bustader på den private utleigemarknaden. Bistand til å meistre bu- og livssituasjonen kan vera rettleiing, opplæring og bistand til å utføre praktiske gjeremål i bustaden, overhalde økonomiske forpliktingar, samt plikter knytt til butilhøve og til naboar. Mange treng bistand til å nyttiggjere seg andre tiltak og tenester som ivaretek eigen helse, førebyggjer isolasjon og bidreg til ei meningsfull tilvære i fellesskap med andre (kjelde: [www.husbanken.no](http://www.husbanken.no) ).

#### Bustadsosiale verkemiddel frå Husbanken

Husbanken tilbyr ulike verkemiddel for å sikre at alle, også dei som treng støtte til det, skal ha høve til å etablere seg i og halde på ein eigen, eigna bustad. Husbanken skal yte støtte og bistand både til personar og kommunen.

---

### Husbanken sine verkemiddel:

Grunnlån til bygging, utbetring og ombygging av bustader

Startlån

    Topp- eller fullfinansiering ved kjøp av bustad

    Refinansiering for å bli buande i noverande bustad

    Toppfinansiering ved bygging av bustad

    Utbetring av bustad

Bustadtilskott til eigen bustad

    Etablering i eigen bustad

    Utbetring av bustad for å heve standard

    Tilpasse til endra funksjonsnivå

Ledd i refinansiering for å behalde bustaden

Bustønad

Dette er ordningar som tek sikte på å hjelpe menneske til å skaffe seg eigen bustad, evt. opprette eller oppretthalde ein stabil busituasjon i leigd bustad.

Bustøtte er ei statleg støtteordning for å sikre personar med låge inntekter og høge bu-utgifter ein høveleg bustad.

Rett til bustøtte har personar som

- a) Er over 18 år eller har egne barn som bur i bustaden
- b) Svarar for bu-utgifter i ein bustad som fyller vilkåra
- c) Sjølve bur i bustaden

Det er knytt vilkår til standarden og kva funksjonar bustaden må tilfredsstille.

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2012-08-24-64?q=bustøtte>

Søknad om støtte frå Husbanken, både lån, tilskott og bustøtte, sendast til økonomiteamet i NAV Valdres, som sakshandsamar på vegne av Vang kommune.

Les meir om Husbanken sine verkemiddel på [www.husbanken.no](http://www.husbanken.no)

### Bustadsosiale verkemiddel frå kommunen

Kommunen har nokre økonomiske verkemiddel, med heimel i Sosialtenestelova, og som blir administrert av NAV-kontoret. Sosialtenestelova opnar for skjønn, men har relativt stramme kriteriar for kven som kan få støtte etter denne lova.

Det ein kan tilby er

- Støtte til buutgifter
- Kommunale lån etter Sosialtenestelova
- Råd og rettleiing

Etter vurdering av den økonomiske situasjonen til søkeren kan ein få bidrag til buutgifter både direkte og indirekte. Husleige, renter på bustadlån, kommunale avgifter, utgifter til straum/oppvarming og bustad-/innbuforsikring blir rekna som buutgifter. Departementet har

laga ei rettleiande norm for kva ein skal ha igjen til livsopphald når slike utgifter er betalt. Dersom ein kjem under denne norma har ein rett til stønad. Ved særskilde høve kan ein ha rett til bistand sjølv om det ikkje er ein konkret rett som vist over. Då skal det ligge føre ei konkret sosialfagleg vurdering og skjønn.

Kommunale lån blir tildelt med heimel i Sosialtenestelova, etter same kriterier som tildeling av bidrag og etter ei vurdering av betalingsevna til søkaren. Slike lån er rentefrie. Kommunen har begrensa midlar til rådvelde, og det er difor svært sjeldan snakk om store summar. Alle innbyggjarar kan få råd og rettleiing. Økonomiteamet i NAV Valdes hjelper til med bustadsaker dersom økonomi er eit hinder for å få eller oppretthalde ein stabil busituasjon.

### 3.1 Målgrupper og utfordringar

Pr. januar 2019 er det ikkje registrert personar utan fast bopel i Vang kommune. Ei forklaring er at nokre personar, både yngre og eldre, som ikkje finn eigna bustad i Vang flytter til andre kommunar der tilgangen på bustader er betre.

#### 3.1.1 Vanskeligstilte

Vanskelegstilte på bustadmarknaden er personar eller familiar som slit med å finne seg ein tilfredsstillande plass og bu og å bli buande.

- Låginntekt, evne til å betjene bu-utgifter, gjeldsbyrde
- Åleinebuande
- Barnefamiliar
  - Barn har behov for å bo godt og trygt. Bustad og bumiljø har innverknad på velferda til barnet her og no, og som vaksen
- Flyktningar
- Personar med nedsett fysisk eller psykisk funksjonsevne

«Kommunen ved arbeids- og velferdsforvaltningen skal medvirke til å skaffe boliger til vanskeligstilte personer som ikke selv kan ivareta sine interesser på boligmarkedet. (§ 15 i sotjl )»

«Kommunen er forpliktet til å finne midlertidig botilbud for dem som ikke klarer det selv.(§27 i sotjl)» <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-12-18-131?q=sosialtjenesteloven>

#### 3.1.2 Flyktningar

Det er for tida svært få flyktningar som kjem til Noreg. Det kan kome endringar i planperioden. Denne gruppa har behov for både mindre husvære for åleinebuande og større husvære for familiar. Dei vil nytte seg av den same bustadmassen som andre. Vang mottakssenter leiger i periodar fleire av dei sentrumsnære utleigeeiningane på privatmarknaden, noko som skapar eit press i marknaden. Det er eit mål at busette flyktningar etter kvart skal få moglegheit til å eige bustaden sin, anten dei leiger kommunal bustad eller privat bustad.

#### 3.1.3 Personar i låginntektshushald

Folkehelseoversikta for Vang kommune for 2019 viser at Vang har ein større andel av innbyggjarar i låginntektshushald samanlikna med Oppland fylke og landet elles. Dette gjev ein auka risiko for uhelse og kan gje store utfordringar med å etablere ein god busituasjon.

Vidare viser oversikten av mange av låginntektshushalda har barn under 18 år. Det er viktig at desse har gode butilhøve med tanke på borna.

Personar som ikkje sjølve kan sørge for eige livsopphald gjennom arbeid eller ved å nytte andre økonomiske rettar har krav på økonomisk stønad. (§18 i LOS) Dette kan t.d vere hjelp til å betale husleige. Det kan og vere hjelp til å finne rimelegare husvære dersom ein har høg husleige.

### Åleinebuande / ein-personhushald

Folkehelseoversikta for Vang kommune syner at det er 262 personar (2018) som er registrert som åleinebuande. Dette er lægre enn både lands- og fylkesgjennomsnittet. Det er viktig å vere merksam på denne gruppa, då dei kan ha mange av dei same utfordringane som personar i låginntektshushald. I denne gruppa kan ein og finne personar som er åleine etter samlivsbrot eller ektefelle sin bortgang.

#### 3.1.5 Eldre

Eldre som gruppe er nødvendigvis ikkje personar med spesielle behov, men mange bur i bustader som er lite eigna til å bli gamle i. Dette kan føre til at nokre av dei blir avhengig av ulike kommunale tenester for å framleis kunne bu i eigen bustad.

Kommunen har fleire omsorgsbustader som nyttast av eldre og personar som av ulike årsaker ikkje lenger kan bu i sin ordinære bustad. Desse er i hovudsak plassert i Vang sentrum, i nærleiken til Vangsheimen og sentrale samfunnsfunksjonar som bank, post, butikk, helsetenester m.v. Tilbodet om omsorgsbustad er behovsprøvd, og det er jamn søkning til desse bustadane.

I innspelsmøte med brukarråda i kommunen våren 2018 kom det fram at dei ynskjer tilgjengelege og lettstelte bustader i alle delar av kommunen. Fleire frå eldrerådet etterlyste dette og peikte på utfordringane med å vedlikehalde store hus og eigendommars, utfordringar med brøyting og tilgjenge på vinteren og det faktum at ein ikkje orkar like mykje som før når ein kjem litt opp i alder. Det bør vere mogleg å halde fram med å bu i grendene sjølv om funksjonsnivået endrar seg. Viktige element for sjølvstende i kvardagen for mange er nærleik til naudsynte samfunnsstrukturar som nærbutikk, offentleg transport, tilgjenge til offentlege kontor, lege og sosiale arenaer. Det vart peika på at både Ryfoss og Øye / Tyinkrysset har gode vilkår for slik infrastruktur, i tillegg til Vang. Området Åsvang / Hensåsen / Øylo ligg lenger unna dette, og er dermed ikkje så godt eigna for busetjing dersom ein har nedsett funksjonsevne og / eller er avhengig av transport.

#### 3.1.6 Personar med nedsett funksjonsevne

Vang kommune har i dag to bufellesskap bygd i samband med HVPU-reforma fyrst på 90-talet.

Også for denne brukargruppa er bustad i utgangspunktet eit privat ansvar. Personar som har behov for eit visst omfang av praktisk bistand for å leve og bu, får ofte tilbod om dette i tilrettelagde og samlokaliserte bustader.

Vang kommune har i dag ledige leilegheiter i baa bufellesskapa.

Ein kjenner i dag til 3-4 personar med ulike funksjonshemmingar som vil ha behov for bistand til å leve og bu i planperioden.

Desse kan få butilbod i eksisterande bufellesskap eller dei kan få tilbod om tenester i eigen heim. Fleire stader går ofte private sjølve saman om å bygge bufellesskap.

Bufellesskapa Grindatun og Bakkehaugen er bygd fyrst på 90-talet. Dei er vedlikehalde, men standard er ikkje renovert. Bygga har ikkje universell utforming etter dagens standard. Utan tiltak kan dette bli ei utfordring for leigetakarane når dei blir eldre eller for nye leigetakarar med forflyttingshemming.

### 3.1.7 Personar med psykiske lidingar og/eller rusproblematikk.

Menneske med psykiske lidingar og / eller rusproblematikk har og behov for hjelp til å skaffe bustad og å bu / halde på ein bustad. Det er varsla behov for vanlege bustader i bustadfelt i ulike deler av kommunen som kan leigast ut til denne gruppa.

Utfordringar og behov for denne brukargruppa er utgreidd i det regionale prosjektet: «Mestre å leve med sammensatte behov, når livet preges at rus og psykiske lidelser» (2017-2018).

Vang kommune har 4-5 personar med bustadbehov i denne gruppa.

Ungdomsteamet i NAV seier at om lag 3-5 ungdomar har eller vil få behov for hjelp til bustad og det å bu.

### 3.1.8 Personar i etableringsfase

På grunn av aukande bustadprisar og stigande husleigenivå kan det vere vanskeleg for personar med låg inntekt og liten eller ingen eigenkapital å etablere seg i bustadmarknaden. Dette gjer at ein må spare mot eit glidande mål, og enkelte vil bruke lang tid på å nå målet om eigen bustad. Bustadprisane i Vang er moderate samanlikna med andre stader, men kan likevel verke uoppnåelege for nokre. Å vere ung og i etableringsfasen er i seg sjølv ikkje grunn til å nytte bustadsosiale tiltak, men det er likevel viktig at denne gruppa og har gode butilhøve som ikkje har negativ innverknad på helsa og som gjer at dei har moglegheit til sparing. Dersom det er barn inne i biletet vil omsynet til dei vege sterkt i vurderinga om det er trong til bustadsosiale tiltak.

Dei seinare åra har det vore samarbeid mellom kommune og privat næringsliv. Vang kommune har gjeve gratistomter til utbyggjar, som har bygd mindre, rimelege tomannsbustader for sal. Dette har ført til at fleire, både yngre og eldre, har fått moglegheit til å kjøpe eigen bustad.

## 4 Bustadpolitiske målsetjingar

I Kommuneplanen (2015 - 2027) sin samfunnsdel er det nedfelt som eit av fleire overordna mål at "...kommunen skal arbeide aktivt for gode og varierte butilbod tilpassa vekslande behov, herunder byggjeklare bustadtomter i ulike delar av kommunen».

Vidare står det at Vang kommune skal leggje rette for universell utforming slik at kommunen er tilgjengeleg for alle, og styrke arbeidet for å snu utviklinga med nedgang i folketalet (s. 5)

Ein bustadpolitikk som syrgjer for tilstrekkeleg og variert bustadmasse slik at flest mogleg får dekkja sitt bustadbehov i den ordinære bustadmarknaden. Gode bustader i gode bumiljø.

- Styre utbyggingstakt og bustadsamansetjing gjennom bustadprogram, utbyggingsavtaler og reguleringsplanar. Sjå pkt 1.2 i Kommuneplanen (2015-2027) sin arealdel. Samarbeid med Husbanken.
- Syte for tilgjenge for alle ved at ein høveleg andel bustader har universell utforming i ordinære bumiljø.
- Vurdere etablering av burettslag / seksjonering av kommunale bustader i Lundmarka med tanke på sal (leige-til-eige).
- Vurdere etablering av offentlig-privat samarbeid for å stimulere private aktørar til å byggje bustadar, med kommunalt tilskot til bygging / drift. Samarbeid med Husbanken, tilvisingsavtalar.
- Vurdere moglegheit for at kommunen kan stå som utbyggjar av bustader i bustadfelt. Samarbeid med Husbanken.
- Sentrumsplan er vedteken.
- «Landsbygata» i området Klukkarhaugen – Sommarhotellet.
- Jobbe aktivt for at innbyggjarane i Vang skal planlegge eigen alderdom, herunder tilgjenge i og rundt eigen bustad jf. Meld. St 15 Leve hele livet.
- Ivareta universell utforming i alle reguleringsplaner. Dette gjeld både utforminga av bustaden og tomta, og utforminga av feltet med omsyn til vegar, friareal / leikeplassar, orientering i feltet (m.a lyssetting, ledelinjer, gangvegar, vegetasjon).
- Tilgjengelege tomter og areal til alle som ynskjer å byggje eigen bustad jfr arealdelen av kommuneplanen.
- Nytte kommunale bustader som strategisk verkemiddel for å rekruttere arbeidstakarar.
- Vang kommune skal disponere rett antal bustader

Utvikle eit tilfredsstillande og fleksibelt bu- og omsorgstilbod for personar som ikkje kan dra omsorg for seg sjølv, og for andre vanskelegstilte som treng bustad og varierende form for oppfølging frå hjelpeapparatet.

- Etablere butilbod til menneske med alvorlege og langvarige psykiske lidingar og / eller rusproblematikk. Samarbeid med rus og psykisk helse-prosjektet i Valdres. Butilbod skal vera i ordinære bumiljø.
- Omsorgsbustader i Storploggen nyttast til personar med kognitiv svikt og middels til stort omsorgsbehov.
- Andre omsorgsbustader nyttast til personar med bustadbehov og avgrensa omsorgsbehov.
- Kartleggings-/treningsbustad: Leilegheit i Storploggen som kan nyttast til kartlegging av buevne og evne til å dra omsorg for seg sjølv og omgjevnadane. Kartleggingsbustaden kan ha auka tenestetilbod i høve til dei andre bueiningane. Opphaldstida i kartleggingsbustaden er tidsavgrensa og blir fastsett i kvart einskild tilfelle.

#### Kommunen sitt bustadsosiale arbeid

- Tettare samarbeid med NAV Valdres i bustadsosiale saker.
- Samordne bustadtildeling, t.d gjennom ei tverrfagleg og tverretatleg bustadgruppe.
- Samarbeid mellom sektorar / tenester; t.d teknisk og helse

## 5 Tiltak og oppgaver til oppfølging

Oversyn over oppgaver som er i gang og / eller som skal arbeidast med. Denne oversikten skal rullerast kvart fjerde år og vera eit levande arbeidsdokument. Då dette er ein overordna 10-årig retningsgjevande plan, må tiltaka oprasjoniserast gjennom årleg rulling av økonomiplanen.

- Utreie behov for omsorgs- og aldersbustader.
- Detaljregulering av Klukkarhaugen /Landsbygate.
- Oppfølging av prosjekt «Mestre og leve...»
- Tilstandsrapport kommunale bustader, plan for renovering. Bestille takst.
- Huga på gard /bulyst.
- Tydelegare samarbeid med NAV om bustadsosialt arbeid, leige til eige.
- Styrking av butilbod til personar med kognitiv svikt/demens Storplogen.
- Prioriteringar og framdrift i arbeidet med andre private reguleringsplanar og – initiativ.
- Revidere tilskott og stønader til bustader for å målrette tiltaka.
- Evaluere effekten av gratistomter.
- Vurdere andre / nye verkemiddel for å oppgradere eksisterande privatbustader i Vang kommune.
- Sjå plan for vatn og avløp i samanheng med dei andre reguleringsplanane for å ha effektiv utnytting av ressursar.
- Profesjonalisere strukturen rundt forvaltning av kommunale utleigebustader
- Syte for at Vang kommune nyttar alle verkemiddel i tråd med dei bustadpolitiske målsetjingane.

## Vedlegg og kjelder

Vedlegg: Rutine for tildeling av kommunal bustad i Vang kommune

Kjelder: Husbanken, [www.husbanken.no](http://www.husbanken.no)  
Kommuneplan for Vang kommune Samfunnsdel 2017-2027  
Kommuneplan for Vang kommune Førsegner og retningslinjer 2017-2027  
Oslo kommune: ”Retningslinjer for saksbehandler. Tilgjengelighet for orienterings- og bevegelseshemmede i planprosessen og ved byggesaksbehandling. Blankett nr 78-0568” (2004)  
(<http://www.byggesak.com/temppages/viewdoc.asp?iMUID=4&lDocID=3690>)  
St.mld nr 23 (2003-2004) Om boligpolitikken  
Meld. St. 17 (2012-2013) Byggje-bu-leve, og tilhøyrande  
Nasjonal strategi for bustadsosialt arbeid Bolig for velferd (2014-2020).  
Meld. St 15 (2017-2018) Leve hele livet  
«Mestre å leve med sammensatte behov, når livet preges av rus og psykiske lidelser» (2017-2018).

## **Rutine for tildeling av kommunal bustad (ikkje tilsette) .**

### **Formål**

Retningslinene skal bidra til ein rettferdig søkjarprosess til kommunal bustad i Vang kommune.

Utleige av kommunale bustader skjer i samsvar med husleigelova.

Retningslinene gjeld for Ryfossvegen 85.

### **Målgruppe**

Ryfossvegen 85 ein ein utleigebustad som alle kan søkje om å bu i når den er ledig.

### **Prioriteringar**

Ryfossvegen 85 gjeld først til mølla prinsippet. Søkjarar vil bli satt opp på venteliste i høve til når søknaden er motteke av Vang kommune. Ventelista blir organisert av driftsavdelinga i Vang kommune. Det er i utgangspunktet ikkje ynskjelig med lengre leige periodar enn 3 år men det kan forlengast i ny 3 år ved behov. Bustaden skal aldri gå over i ein løpande leigekontrakt.

### **Kriteria for tildeling av kommunal bustad**

Føljande krav gjeld for å få kommunal bustad i Vang.

#### **Ryfossvegen 85**

- Ein må søke om kommunal bustad til Vang kommune.
- Ein bebuar i kommunal bustad må evne å ta vare på seg sjølv, betale husleige, følge lovar og regler i høve til det å leige ein bustad og halde orden i bustaden.
- Ein skal ikkje bu i Ryfossvegen 85 lengre enn i 2 periodar (det vil seie maksimalt 6 år)
- Tildeling utover ein periode vil ikkje vere mulig dersom det er ein venteliste på å få bustad.
- Det kan bli etterspurt depositum før ein får leige.

### **Saksgang**

Søknad sendast til kommunen gjennom bruk av søknadsskjema på Vang kommune sine heimesider (eventuelt skriftelig til Vang kommune).

Tildeling av Ryfossvegen 85 skjer i høve til førstemann til mølla prinsippet. Butid er maksimalt 2 periodar (6 år). Ved venteliste vil ein ikkje kunne bu i bustaden lengre enn i ein periode (3 år). Ein kan få forlenga butid ved særskilt behov (ingen ledige bustadar i Vang kommune). Ein bør då vise til at ein aktivt har forsøkt å skaffe seg ein bustad.

# **Rutine for tildeling av kommunal bustad for tilsette og vanskelegstilte.**

## **Formål**

Retningslinene skal bidra til ein rettferdig søkjarprosess til kommunal bustad i Vang kommune.

Utleige av kommunale bustader skjer i samsvar med husleigelovas § 3-7 og § 11-3, ved tildeling gjennom NAV følges husleigeloven § 11-1

For utleige til vanskelegstilte gjelder husleigelova utan forbehold.

Retningslinene gjeld ikkje for omsorgsbustader som disponerast av Helse- og omsorgsetaten.

Dei kommunale bustadane skal ikkje konkurrere med private gjennom uforholdsmessig låge prisar, og er ikkje tilgjengelig på den opne leigemarknaden.

Dei kommunale bustadene har ein tidsgrensa leigetid på 3+1+1 år, der 5 år er den maksimale leigetida. Det er ikkje tidsgrense på utleige til vanskelegstilte.

## **Målgruppe**

Vang kommune sine utleigebustader er rekna som eit strategisk tiltak for å kunne tiltrekke seg arbeidskraft til kommunen. Dei er dermed tiltenkt tilsette i Vang kommune.

Bustadmarknaden for utleige er stramt og Vang kommune må vite at dei kan busette nye tilsette som kjem utanfrå. Kommunal bustad er tenkt som eit midlertidig tilbod til tilsette og har ein maksimal leigetid på 5 år for tilsette.

Utleigebustadene er også medrekna som kommunen si bustadreserve til personar med uforsvarlig busituasjon/teneste. Med andre ord bustader som vert tilgjengelig gjennom ynskje/bestilling frå NAV Valdres. Lundsmarka 31 C og D er tiltenkt vanskelegstilte.

## **Prioriteringar**

Dei kommunale bustadane er i fyrste omgang tiltenkt å sikre kommunen tilgang til arbeidskraft. Dei er difor forbeholdt tilsette i kommunen i ein tidsgrensa periode.

Bustadane er også ein reserve i dei tilfelle der vanskelegstilte ikkje er i stand til å finne ein bustad i Vang. Ein av bustadane bør såleis alltid vere tilgjengelig ved behov.

Ved låg etterspurnad frå vanskelegstilte personar, vil det vere mulig å lieege ut ein av hyblande til tilsette på eit års kontrakter.

Overordna mål er at bustadmarknaden er drevet av det private i Vang kommune, det betyr at ein kvar kommunal bustad berre er midlertidig til anna egna bustad er funne.

## **Kriteria for tildeling av kommunal bustad**

Vurderinga for tildeling av kommunal bustad er ikkje knytt opp mot eit lovverk eller statlige retningslinjer.

Føljande krav gjeld for å få kommunal bustad i Vang.

- Ny tilsette skal få eit tilbod om midlertidig kommunal bustad samtidig med tilbodet om arbeid.
- Ein må ha akseptert tilbodet om arbeid for å få rett til bustad
- Vanskelegstilte som ikkje evnar å finne ein bustad i Vang kommune kan få tilbod om bustad
- Vanskelegstilte som ikkje finn ein bustad i Vang kommune skal henvende seg til NAV eller Helse- og omsorgsetaten for å få avklart at dei treng bustad.
- Det er NAV eller Helse- og omsorgsetaten som rekvirerer kommunal bustad i høve til behov for vanskelegstilte
- For å få tildelt kommunal bustad må søkjar vere utan muligheit til å skaffe seg eigna bustad på eigen hand.
- Har ein bustad i dag, må denne vere ueigna eller særst utfredsstillande for å få rett på kommunal bustad.
- Ein bebuar i kommunal bustad må evne å ta vare på seg sjølv, betale husleige, følge lovar og regler i høve til det å leige ein bustad og halde orden i bustaden.
- Ein kan bare bu i kommunal bustad i maksimalt 5 år, målet er alltid å få leigetakarar i kommunal bustad over i den private bustadmarknaden.
- Dersom går frå å vere tilsett i Vang kommune til ikkje lenger å vere tilsett, vil dette tilsvare ein oppseiing av bustaden. Oppseiingstida er 3 månader.
- I særskilte tilfeller kan ein fortsette å bu i kommunal bustad, sjølv om ein ikkje er tilsett. Ein må då vise at ein aktivt søkjar ny bustad og skal flytte så fort ein har anskaffe seg ein eigna bustad. Det vil ikkje tatt omsyn til tronge forhold eller avstand som bevis på at ikkje eigna bustad er å finne.

### **Saksgang**

Tildeling av kommunale bustader gjerast av bustadkontoret, som i dag ligg under personalkonsulenten.

Tildeling av bustader gjerast i fyrste omgang samtidig som ein ny tilsett får tilbod om arbeid.

Søknader utanom tildeling gjennom tilsetting, sendast til Vang kommune, ved personalkonsulenten.

Vanskelegstilte får bustad gjennom førespurnad frå NAV eller gjennom eit ordinært behandlingstilbod frå Helse- og omsorgsetaten.

### **Andre bestemmingar**

Vanskelegstilte som blir tildelt ein kommunal bustad, skal søke Husbanken om bustøtte. Ved eventuell mislighald av husleige, har kommunen rett til å krevje bustøtta frå Husbanken transportert til kommunen.